

# Slik kontrollerer du faktaskjemaet

## 1 Eigarrepresentant

Opplysningsar om eigar og eigedommen si adresse vert henta frå Matrikkelen. Sjølv om fleire står som heimelshavarar, sender vi informasjonen til ein eigarrepresentant. Kontroller at antal bueiningar godkjent av bygningsmyndigkeitene stemmer.

## 2 Tomt

Tomteareal er henta frå Matrikkelen.

## 3 Bygg

Opplysningsar om bygningar må sjekkast nøye. Er årstalet for når bygningen vart teke i bruk rett? For at ein etasje er måleverdig, må høgda vere minimum 1,9 meter.

## 4 Loft eller hovedetasje?

Folk flest kaller ein etasje med skråtak for loft. For å bestemme om det er loft eller hovedetasje måler du høgda 1,9 meter frå golvet til skråtaket. Gjer tilsvarende på motsatt side. Mål så avstanden mellom punkta. Dersom avstanden mellom punkta er mindre enn 0,6 meter, er ikkje arealet måleverdig. Dersom avstanden er mellom 0,6 og 1,9 meter, er det eit loft.

Når avstanden er meir enn 1,9 meter, er det ein hovedetasje. Legg til 0,6 meter på kvar side. Breidda du då får gangar du med lengda på huset, slik at du får etasjearealet.



### Kjellar, underetasje eller hovedetasje?

Det er i første rekke terrenget rundt huset som avgjer om etasjen vert definert som kjellar, underetasje eller hovedetasje. Er terrenget slik at grunnmuren over terrenget i gjennomsnitt er under 0,75 meter høg, er det ein kjellar. Er terrenget slik at grunnmuren over terrenget i gjennomsnitt er over 0,75 meter høg, men ikkje meir enn 1,5 meter høg, er det ein underetasje. Er terrenget slik at grunnmuren over terrenget i gjennomsnitt er meir enn 1,5 meter høg, er det ein hovedetasje

## 5 Er arealet rett?

For arealbereking av bygningar brukar ein bruksareal (BRA). Dette er alt areal innanfor yttervegg.

For detaljerte måleregular og definisjonar viser vi til heimesida til Statens kartverk: [www.statkart.no](http://www.statkart.no)



Døme på skjema:



## FAKTAOPPLYSNINGAR OM EIGEDOMMEN

1 EIGARREPRESENTANT		OPPLYSNINGAR - AVTALE					
Namn	Utgård Torgeir Marvin	AvtalesNr	4340				
Adresse	Vestneshaugen 8 6390 Vestnes	Eigarforhold	Eiet				
E.adr	-	Eigedom	51 / 416 / 0 / 0				
Bueiningar	1						

## 2 OPPLYSNINGAR - TOMT (INKL. TILLEGGSPARSELLAR OG FELLESAREAL)

Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Type eigedom	Etab.dat	Part	Areal
51	416	0	0	Best. grunneidom	26.07.1990	1 / 1	1428.8

## 3 OPPLYSNINGAR - BYGG

Enebolig - 111		Part	1 / 1	16347523 - 0	Tatt i bruk - 15.02.1996
Etasjetype	Bustadareal	Anna areal	Areal alt.	Areal alt2.	Areal totalt
4 Hovedetasje 1	5 159	0	0	0	159
Hovedetasje 2	100	0	0	0	100
Garasje, uthus annekts til bolig - 181		Part	1 / 1	22710079 - 0	Tatt i bruk - 18.06.2004
Etasjetype	Bustadareal	Anna areal	Areal alt.	Areal alt2.	Areal totalt
Hovedetasje 1	0	46	0	0	46
Hovedetasje 2	0	27	0	0	27

## 1 OPPLYSNINGAR - EIGAR

Namn	Andel	Rolle
TORGEIR MARVIN UTGÅRD	1 / 2	Hjemmelshaver
KARI ANN TOMREN UTGÅRD	1 / 2	Hjemmelshaver

Forklaring til skjema:

**Bygningsnummer:** ⑥ eit unikt nummer som identifiserer kvar enkelt bygning på tomta.

**Anna areal:** Vert brukt på frittståande garasjar, naust, uthus etc.

**Areal alt:** Er nytt på registrerte ~~boder~~, garasjar, vinterhagar som er integrert i bustaden. (Arealet er inkludert i bustadarealet.)

**Areal alt 2:** Er nytt til carportar og opne ~~boder~~. (Arealet er IKKJE inkludert i bustadarealet.)